

# HYRDINGEN



NR. 5

Oktober 2015

ÅRGANG 57

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



## «Show it» Kyrkjetundagane

SIDE 7

### Sideoversikt

Soknepresten har ordet .....	2	Kyrkjevalet 2015 .....	5	Gudstenester.....	10
Redaksjonsspennen .....	3	Portrettet.....	6	Møter og kunngjeringar .....	11
Min song.....	3	Kyrkjetundagane.....	7	Frå kyrkjeboka .....	11
Bladpengar .....	3	Ølensvåg Kvinneforeining 50 år .....	8	Barnas side .....	16
Gullkonfirmantar.....	4	Annonser og kunngjeringar .....	9		



#### HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3201.53.18049  
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,  
5574 Skjold  
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

#### SOKNEPRESTANE:

##### Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen  
Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22  
Epost: johannes.nedrelid@  
vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

##### Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,  
5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89  
Tlf. 53 65 57 94  
Mobil: 932 45 645  
jon.adnoy@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Marit Hegrenes  
Tlf. 53 65 57 96

##### Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,  
Kyrkjevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal  
Mobil 413 25 280  
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

#### Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

#### Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

#### Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Fung. prost Arne Aurdal

#### Prostiprest Eldbjørg Andreassen:

Mobil: 952 46 234

#### Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

#### Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vikedal: Herdis Pedersen  
Sandeid: Rakel Årak  
Vats: Arild Urdal  
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug  
Bjoa: Trond Ove Alvseike  
Vikebygd: Brit Nelly Tveit  
Skjold: Ottar Krakk

## Soknepresten har ordet

Av Harald Eintveit



# Ein ukjend grip inn

Les teksten: Johs. 5, 1-15

Ser du han føre deg, denne stakaren i Betesda-bogegangane? Han hadde slutta å be om assistanse. Det var nyttelaust. Fortvilninga og mismotet hadde for lengst overmanna han etter 38 års sjukdom. Dessutan var situasjonen her og no forverra: Å vera tilskodar til rushet på veg mot dammen utan sjølv å kunna ta del, var ei drepende påkjenning.

Betesda-dammen skulle vera eit undergjerande boblebad med livgjevande krefter. Alle som kom dit, vart friske, uansett sjukdom dei var plaga eller prega av. Vatnet var vide kjent, og etterkvart symbolet for Lova som lova liv. Menneske med svekka eller øydelagde fysiske funksjonar såg si von og si berging ved eit dykk i dammen.

Slik er det også denne dagen. Forventninga er spenningsfylt med tanke på at vatnet på nytt vert rørt opp ved hjelp av guddommelege krefter. Som vanleg er Jesus på veg til tempelgudstensta, men akkurat no får tempelet venta. Han vert vår den sjuke og vender seg til han med det merkelege spørsmålet: »Vil du bli frisk?» Siktemålet er tydeleg å skapa forventning. «Herre, eg har ingen som kan ta meg ned i dammen», svarar han noko unnvikande og motlaust. Med eitt grip Jesus ordet igjen: »Stå opp, ta madrassa di og gå!».

Inn i ein vanvittig situasjon av lovtredom, religiøs fanatisme og omsynsløse som stengjer menneske ute frå Gud og menneske, demonstrerer Jesus med ettertrykkjeleg tyngde at nåden og omsynet skal openberrast for denne fysisk knekte og nettopp han. Mannen er reist på

fote igjen ved ordet frå Jesu eigen munn!

Er det råd å høyra eit ekko i dag frå mannens rop i Betesda-bogegangane? «Herre, eg har ingen som kan ta meg ned i dammen.» Høyrer me fortvilninga og smerta i dette ropet i dag? Kor mange kjenner seg ikkje einsame og tilsidesette på sjukeheimar og i sjukehusgangar eller sit sturne og bortgløymde i sine eigne husvere? Kor stor er likskapen i miljøet mellom korridorane på vår tids institusjonar og bogegangane ved Saeporten i Jerusalem? Flott helsepersonell og god pleie er sanneleg kjærkome, men kor er du som kan hjelpa meg med mine trøytte tankar og lindra mi åndelege naud?

Me er alle i slekt med den sjuke ved Betesda,- ute som me er av stand til å kurera grunnskaden i tilhøve til Gud og menneske. Det tydeleggjer Jesus i dagens sluttscene når han oppsøker mannen på nytt og no med eit klårt direktiv: Synd ikkje meir, så ikkje noko verre enn all sjukdom skal råka deg,- nemleg at livet med Gud døyr bort og du misser deg sjølv for godt.

Ein ukjend har gripe inn. Utan å stilla vilkår har han sett inn sine gode krefter der det trengst, for at mennesket skal verta kjend med målet for livet sitt og seia JA til det.

Betesda-bogegangane er tilhaldstaden for eit samfunn og ei verd i tragedie og vanvidd. Sjukdom er ein ting. Verre vert det når menneskeleg omsynsløse får overtaket og Gud glir ut av synsfeltet. På denne arenaen trer Jesus inn og skaper noko nytt ved kjærleikens underfulle grep og nådens ufattelege omsyn og utsyn! I Betesda, - nådehuset - går det an å verta både frisk og frelst!

## Konkurransse i desembernummeret

Hyrdingen vil også dette året invitera skuleelevane i Vindafjord til å laga teikningar frå juleevangeliet,

knytt til ein julesong. Nokre av desse blir presenterte i neste nummer som kjem ut 3. desember.



Av Steinar Skartland

## Ein reiskap for din fred

Valet er gjort. Nye er klare til å ta til i soknerådsarbeidet, saman med dei erfarne. Den viktigaste oppgåva for sokneråda er å arbeida for ei levande lokalkyrkje. Ein stad der Guds ord blir rikeleg forkynt, at døypte får trusopplæring, at barn og unge kan samlast om gode formål og at lekamleg og åndeleg naud blir avhjelp. Fokuser mest på det som kan vekka og nære det kristelege livet i soknet og søk eit godt samarbeid. Gjer kyrkjer, bedehus og klubblokale til gode møteplassar, som kan leggja igjen gode minne som folket kan ta med seg vidare i livet.

Kyrkjene i Vindafjord har på ein god måte fått lagt opp arbeidet for alle aldersgrupper. Sokneråd, prestar, kantor, kateket og andre medarbeidarar i trusopplæringa har i saman med frivillige i lag og organisasjonar sikra at det i kvar bygd er aktivitetar og tilbod tilpassa dei ulike aldersgruppene. Dette arbeidet må ha høg prioritet. Guds ord må leverast vidare til neste generasjon slik at dei kan kjenna at det er kjærleik som er det sentrale i bodskapen. I ei verd der nyheitene er fulle av krig, terror, bomber og mange som flyktar frå det vonde menneskje har sett i gang, kan det vera vanskeleg å få plass til omgrep som kjærleik, omsorg og glede. Men det må me halda fast ved, me som lever i eit av dei beste landa i verda. Me må be som Frans av Assisi:

Herre, gjer meg til ein reiskap for din fred. Hjelp meg å spreia kjærleik der hatet herskar, tru der tvil råder, håp der det er angst og naud. Hjelp meg å få koma med tilgjeving der det er gjort urett, å skapa forsoning der det er strid, å spreia lys der det er mørke, å gje glede der sorg tyngjer.

Meister, hjelp meg å søkja ikkje så mykje å bli trøysta som å trøysta, ikkje så mykje å bli forstått som å forstå, ikkje så mykje å bli elska som å elska.

For det er ved å gje at vi får, ved å tilgje at vi blir tilgjevne, ved å missa vårt liv at vi finn det. Det er ved å døy at vi står opp til æveleg liv.

# Min song

Av Eli Berge/Arne Borgemyr

## «Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera»

- Når eg vart utfordra til å velje min song, måtte det bli: Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera, seier Eli når vi møter henne til ein kort samtale. Songen har følgt meg heile livet sjølv om eg ikkje kan synge, for mor mi var også glad i denne songen. Då eg vart ein kristen som 20-åring, fekk songen ny betydning for meg. Eg synest alle versa er fine, men kan gjerne framheve strofa: Du visste alt om meg før du meg kalla..

Eli har vore aktiv i bedehuset gjennom livet. Heilt frå 1980-talet og til i dag har ho vore formann i den lokale foreininga for Sjømannsmisjonen. Ho var også med i styret for bedehuset i fleire år, og ho var med som leiar av Yngstes.



### ELI BERGE

- ✓ Fødd i Skjold i 1945
- ✓ Gifte seg med Arne Berge i 1980 og flytta til Ølensvåg
- ✓ Jobba i mange år i Karmsund Kraftlag i Haugesund
- ✓ Ho og Arne fekk 2 gutar
- ✓ Arne vart sjuk og døydd i 2010
- ✓ Eli har no 3 barneborn
- ✓ Har vore aktiv i bedehuset
- ✓ Har vore formann i Sjømannsmisjonen frå 1980-talet til i dag

Kor stort, min Gud, at eg ditt barn får vera, og leva i di frie nådepakt!

Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera, men bare kvila i det du har sagt.

Eg bed deg: lei du meg igjennom verda, Eg er så veik og er i framandt land!  
Det mange var som gjekk seg vill på ferda  
Og slepte taket i di frelsarhand.

Men visst eg veit: Du maktar fast meg halda, Det har du lova i ditt eige ord.

Du visste alt om meg før du meg kalla, Og gav meg plass ved nådens rike bord.

Lat meg få sjå på deg når synda dårar, Lat meg som barn ditt faderauga sjå!  
Då veit eg visst at gjennom tvil og fårar  
Eg ved din nåde skal til himlen nå.

Songboken nr. 360. Tekst: Jesper Krogedal 1946

# Bladpengar 2015

Redaksjonen set stor pris på dei gode tilbakemeldingane vi får frå lesarane av kyrkjebladet. Tusen takk. Finansieringa av bladet er i hovudsak frivillige bladpengar.

Vi ser at det er lite bladpengar som er kome inn etter mars - april, og resultatet hittil i år tyder på at bladpengane knapt dekkjer trykkeriutgiftene. Sjølv om nokre annonsekroner dekkjer noko av dei andre utgiftene med bladet, kan

det vera vanskeleg å få eit positivt resultat. Det er framleis kun ca. 20 % av alle husstandane i Vindafjord som har betalt bladpengar i år.

Det ville ha vore svært gildt om du som ikkje har betalt bladpengar, kunne senda nokre kroner til Hyrdingen sin konto 3201 53 18049, og slik hjelpa til med at Hyrdingen kan koma ut.

På førehand mange takk!

# Gullkonfirmantfest i Vikedal

Av Harald Eintveit

Av dei i alt 38 gullkonfirmantane som var innbedne til den store festdagen i Vikedal søndag 20. sept., var det 15 som møtte opp. Totalt var det 42 konfirmantar som stod til konfirmasjon hausten 1965.

Gullkonfirmantdagen starta med høgmesse i Vikedal kyrkje kl. 11. Under gudstenesta vart konfirmantane høgtideleg presenterte.

Etter høgtida i kyrkja hadde Vikedal sokneråd, som dette året hadde ansvaret for opplegget, stelt i stand eit festlokal utan sidestykke på Vikedal bygdehus. Med haustens fargeprakt på kvitduka bord og servering av utsøkte kulinariske retter vart bordfelleskapet til ei gledestund for alle. Det vart allsong, musikkstykke ved pianist Harald Helland, diktlesing, intervju med gullkonfirmantane, tevling og mimring. Folket såg ut til å storkosa seg inne medan ei varm haustsol gjorde dagen triveleg for oss. Me takkar stort for samveret i lag med årets gullkonfirmantar og ynskjer kvar og ein lukke og signing over komande dagar.



**Gullkonfirmantane frå Imsland, Vikedal og Sandeid.** Frå venstre, bak: Jon Aarekol, Kåre Furseth, Øyvind Bakkedal, Per Bakkedal, Norvald Teodor Liabø, Terje Sigvald Lilleland, Jon Vestbø og Inge Fatland. Frå venstre, framme: Osmund Andreas Ilstad, Arne Ness, Martin Aksland, Kjell Hårde, Kari Johanna Blikra Soldal, Helga Vigdis Nes Jåsund og Henny Sandvik Låte. (Foto: H.E.)



**Gullkonfirmanter i Vats Kyrkje. 20 september 2015.** 1. rad frå venstre: Prest Jon Ådnøy, Steinar Eidhammer, Gro Inger Skrunes Hvidsten, Turid Svantesvoll Strand, Eldbjørg Haslemoe Tyssebotn, Ingrid Vatne Skjold, Paul Viland. 2. rad frå venstre: Ingebjørg Nesse Grindheim, Bodil Selvåg, Helga Frantsen Hansen, Davida Skrunes Kaldstad, Osvald Stangeland, Nils Gunnar Eike, Magne Bauge. 3. rad frå venstre: Ottar Haugen, Jakob Hatteland, Josef Blikra, Per Arvid Nygård. Dei som ikkje er med er: Sigmund Gjellestad, Marit Meland Nordbjørn, Svein Magne Vannes, Kari Olaug Fjellberg Tjelmeland, Sakkarias Nesheim, Jon Flesjø og Gunnar Langeland. Martin Dyrseth er død.



**Gullkonfirmanter i Skjold.** Søndag 30. august var 17 av konfirmantane som stod for presten for femti år sidan, samla i Skjold kyrkje. Fyrste rekkje: Marit Håkkull Larsen, Marit Skogen Berge, Synnøve Walland Stødle, Anne Marie Seglem Eide, Laila Byrkja Sørrhus, Gunnfrid Haraldseid Eide, Gunvor Tveit Sørlie. Andre rekkje: Alf Ragnar Rustad, Oddvar Erslend, Dag Erling Vestvik, Olav Mortveit, Erling Haraldseid, Svein Lothe, Olav Moldesæther, Ole Sigbjørn Langeland, Terje Hebnes, Hans Olav Skjold. Fylgjande er døde: Johan Glette, Sven Olav Landa og Harry Langelandsvik. Ellers vart desse konfirmerte dette året: Anne Jorunn Dagsland, Signe Tveit, Turid Særdal, Kjellaug Vågen, Sissel Alvsøike, Olav Jacobsen, Ragnar Haraldseid, Arvid Fjellset, Albin Einarsen, Inge Kyvik, Bertil Grinde, Robert Robertsen, Audun Vargervik, Per Kristian Aukland, Gunnar Dagsland.

Skjold kyrkje  
Konsert med:

**Tom Roger Aadland**  
Onsdag 11. november kl. 19.30.

Kom og høyr vår landskjende og lokale visesongar, låtskrivar, vokalist og gitarist. Urframføring av ny song vert del av programmet.

# Spennande fire år i vente

Kyrkjevalet  
2015

## Av Steinar Skartland / utdrag frå sak på kyrkja.no

Kyrkjemøtet 2016-2020 blir yngre enn nokon sinne. Over 40 prosent fleire deltok i val til bispedømmeråd i år. I Oslo var oppslutninga meir enn dobla. I Stavanger bispedømme røysta 15,1%.

- Dette har vore eit val med mykje engasjement også langt utanfor kyrkja sine kjernetroppar, seier Kirkerådet sin direktør, Jens-Petter Johnsen i eit intervju på kyrkja.no

25.9. - Mange fleire oppsøkte kyrkja sine valurner i år, og dette har ført til at det er eit generasjonsskifte på Kyrkjemøtet dei neste fire åra. Gjennomsnittsalderen på dei leke kandidatane er nå 45 år. Det blir både spennande og berikande å få mange nye og unge stemmer inn i kyrkja sitt øvste valde organ. Mange av de unge kandidatane har allereie lang fartstid innanfor det kyrkjelege ungdomsdemokrati, så trass låg alder, har dei allereie mykje verdifull erfaring. Kvinnene er i fleirtal mellom dei valde representantane.

## Den store kampsaka

Årets val er det første med kandidatar på fleire lister. «Åpen folkekirke» mobiliserte på si viktigaste kampsak: Vigsel for likekjønna i Den norske kyrkja. «Åpen folkekirke» fekk fleirtall i alle ni bispedømme der dei stilte liste. I Stavanger bispedømme var det ei felles liste og dei sju leke innvalde fordeler seg her med fire nei og tre ja i dette spørsmålet. Kirkerådet har på bakgrunn av valet bestemt at dei prinsipielle sidene ved denne saken skal takast opp på første kyrkjemøte i april.

## Nytt bispedømmeråd: Stavanger bispedømme

15,1 % av veljarane stemte på val av bispedømmeråd og Kyrkjemøte. Dei ti som er valt inn i bispedømmerådet 2015-2019 er:

1. Marie Klakegg Grastveit, 30 år, Frøyland og Orstad
2. Gyrid Espeland, 62 år, Eigerøy

3. Leif Christian Andersen, 30 år, St.Petri, Stavanger
4. Sofie Braut, 38 år, Time
5. Aslaug Kongshavn, 28 år, Kopervik
6. Jostein Ådna, 60 år, Stokka
7. Rolf Magne Haukalid, 36 år, Forsand

8. Lars Tore Anda (representant for prestane)
9. Marit Sofie Teistedal Vikre (representant for lek kyrkjeleg tilsette)

Biskopen er også medlem av bispedømmerådet.

## Dei nye sokneråda i Vindafjord 2015-2019

### IMSLAND

*Deltaking 48%*  
Jolaug Sæle Kaldheim  
Marita Kvitno Staurland  
Liv Hoff Imsland  
Sigmund Espevold  
Jan Ilstveit Nordtveit  
Berit Karin Haugland

### VIKEDAL

*Deltaking 30%*  
Andreas Andreassen  
Johannes Holten Leifsen  
Gerd Ellinor Eikje  
Anny Helene Flatebø Øverland  
Hilde Fosen  
Guri Gjerde

### SANDEID

*Deltaking 25%*  
Tore Tokheim  
Andreas Jansen  
Johan Georg Vestbø

Inger Sofie Meling  
Rune Vestbø  
Hjørdis Marie Tesdal Berg

### ØLEN/BJOA (prøveordning)

*Deltaking Bjoa 27%*  
*Deltaking Ølen 20%*  
Per Ølfarnes (Ølen)  
Leiv Karsten Medhaug (Ølen)  
Siri Djuve (Ølen)  
Aud Wenche Klungland (Ølen)  
Olav Granberg (Ølen)  
Agnar Ståle Naustdal (Bjoa)  
Odd Johannes Lien (Bjoa)  
Helene Paulsen (Bjoa)

### SKJOLD/VIKEBYGD

(prøveordning)  
*Deltaking Skjold 29%*  
*Deltaking Vikebygd 38%*  
Kari Synnøve Velde Haugen (Skjold)  
Gunnbjørg Nesbu (Skjold)  
Øystein Kalstveit (Skjold)

Anne Kristine Lilleskog Andersen (Skjold)  
Kirsti Medhaug Hjelmeland (Skjold)  
Brit Nelly Ness Tveit (Vikebygd)  
Øyvind Valen (Vikebygd)  
Dag Hans Nagel-Alne (Vikebygd)

### VATS

*Deltaking 19%*  
Torgeir Sørhus  
Lill-Inger Andersen Velde  
Arild Urdal  
Elisabeth Stople Gregersen  
Olav Frøland  
Grete Skeie Sørhus

Vi kjem attende med meir presentasjon av sokneråda etter konstitueringa.

# Portrettet: Anne Lise Auestad, Vikebygd

Av Jens Tveit

**Då Anne Lise var 4 år, flytte familien Erdal frå Hardanger til Ulvæbne i Vikebygd. – Der har ho slite sine barneskor, og der har ho lengta tilbake til om ho har budd andre stader. Ho er gift med Olaf Auestad frå Etne, og dei har 4 barn og 9 barnebarn.**



Etter om lag 30 år på Karmøy og i Haugesund, flytta dei for ein del år sidan inn i hytta deia på heimegarden, og bur nå like i strandkanten.

Anne Lise har vanskar med å «vera i ro», for det er så mange som treng ei hjelpande hand, og spesielt er det ymse misjonsarbeid ho tek del i – både heime og når ho er borte.

I 19 år var ho speidarleiar i misjonskyrkja i Haugesund, der ho også hadde mange andre oppgåver. – Nå er ho formann i Vikebygd pensjonistforeining. Ho syng i frelsesarmeen, og er med og arrangerer «Vi over 60» der. Ho er også med i kyrkja og bedehuset, «men det er misjonskyrkja som er min åndelege heim», seier ho. «Og så er eg støttekontakt for to personar som eg har arbeidd med i vel 10 år» - legg ho til.

– Det er spesielt «Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet» som ligg hjarta hennar nær. Og på spørsmål om kva tid denne interessa tok til, svarar ho: «Då eg var jentunge, var det barneforeining for sjømannsmisjonen i «Søra-

bygda», og der var me med mest alle borna i bygda, både gutane og jentene. – Dette har lege som eit sterkt minne som har leia meg til å sjå at det er bruk for hjelp».

Nå er Anne Lise leiar for «Sjømannsmisjonsforeininga» i Vikebygd. Dei har foreinings-møta på bedehuset, og basar ein gong i året. – Ho er òg med i krinsarbeidet for den same misjonen, og har vore med i styret der i 10 år.

Men Anne Lise og Olaf er og i «Syden», nærare bestemt i Fuensirolo i Spania, - både haust og vår. Og Anne Lise fortel at først var det berre ferietur, men det var jo naturleg å gå i «Sjømannskirken», og der såg ho at det var bruk for hjelpande hender. Nå er dei med i to kyrkjer når dei er der ute. I tillegg til den norske «sjømannskyrkja», er dei med i «Skandinaviska turistkyrkan». Det er eit samarbeid

mellom Sverige og Noreg, der dei har svensk prest i 2 år, og norsk i 2 år.

Det er mange skandinavar som ferierar / bur i byen, og mange har bruk for kontakt. Ein del kjem skeivt ut, og slit med alkoholproblem. (Før var det sjøfolk som av og til blei «akerutseilte»- kom ikkje med når båten for. I dag er det turistar som ikkje kjem seg heim) – Det er viktig å få desse med der dei får møta menneske som dei kan dela gleder og suter med, og mange har bruk for sjelesorgsamtalar. – Og så må me ikkje gløyma at «Fest på kjerka» er ei dør inn til eit viktig fellesskap for mange. Anne Lise fortel at å få vera med i dette arbeidet gir meining og store gleder. Ho er med i to kor, og tek del i arbeid som leier andre til eit meir meningsfullt opphald medan dei er der.

«Kva får deg til å ofra så mykje tid i kristent arbeid, Anne Lise?» Og ho svarar: «Det er kjekt, og eg er glad i Jesus, vår fantastiske Frelser. Og det er viktig å få opna augo for denne rikdommen for andre.»

På spørsmål om det er Bibelvers ho er spesielt glad i, svarar ho med Sal. 118, 24: «Dette er dagen som Herren har gjort; lat oss jubla og gleda oss no»

Den 19. 10. er reisedag ut til Spania, og så kjem dei att midt i adventstida, for å få førebu jul heime. Me ynskjer dei god tur, og lukke til med oppgåvene som ventar!

## Nytt styrarpar til Brandøy

Pressemelding / Andreas Våge:

**Ekteparet Annbjørg Naterstad Våge (25) og Andreas Våge (26) har i haust tatt til som nytt styrarpar på Brandøy.**

De fekk spørsmålet også i fjor om å overta drifta av Brandøy. Kva gjorde at de no sa ja?

–Me har vore i ein modningsprosess, fortel Andreas. Me har gått fleire rundar med oss sjølv og Gud, og kome fram til at dette er det rette. Eg sa allereie for eitt år sidan, då me flytta til Bjoa, at me skulle engasjert oss meir på Brandøy, fortel Annbjørg. Me var i ein flytteprosess, det var mykje på ein gong, og me hadde mange tankar i hovudet. Me har køyrt forbi Brandøy nesten kvar dag, og har ofte tenkt at det kunne vore kjekt å jobba på Brandøy.

**Andreas formell leiar**

Ekteparet Våge vil dela på ei 100 prosent stilling som dagleg leiar, der Andreas vil få det formelle ansvaret. Begge to arbeider i dag på Lundeneset, og vil fortsetja med det i delte stillingar. Annbjørg er norsklærer, Andreas administrasjonskonsulent, der han m.a. har hatt hovudansvar for marknadsføring, økonomi og IKT. Ekteparet Våge vil utfylla kvarandre godt. Andreas får hovudansvaret for rammene, medan Annbjørg meir vil ta seg av innhaldet.

**Glede og tankar vidare**

Kva gler de dykk til i ny jobb?

–Moglegheitene som ligg der og utvikling, kjem det kontant frå Andreas, – og treffa folka. Me ynskjer å driva ein god leirplass, der folk kan kjenna seg heime. Me bur på Bjoa, og ynskjer at



fleire i bygda skal få større tilknytning til Brandøy. Det er eit mål å få opp aktiviteten også i veka. Tomta og området har store moglegheiter, og bygningsmassen er godt vedlikehalden. Me har inntrykk av at det er mange flotte folk som har eit sterkt engasjement for Brandøy. Me gler oss til å treffa gjester og leirfolk, avsluttar dei begge.

# Kyrkjetundagane i Ølen



Borna i «Show It» framfører bibelforteljninga om Jonas, med Liv Herborg Wold som forteljar og Gunnhild Marie Wold Osaland som Jonas.

## Av Steinar Skartland

**For 21. gong vart kyrkjetundagane arrangert i lokala til Ølen VGS. Då dørene opna klokka 10, laurdag den 19. september, var det ikkje så mange frammøtte som dei tidlegare åra med auksjon og loppemarknad, men med eit jamt sig av folk utover laurdagen var det nok 2-300 innom. Trond Ove Alvseike i komiteen ynskte folket velkommen før varaordførar Steinar Skartland opna arrangementet. Deretter var det Ølen Munn og Spel som fekk underhalda med tre nummer og programmet heldt fram med forteljarstund for både born og vaksne.**

Ei gruppe born og vaksne frå familiarbeidet «Show It» hadde ei framføring av Jonas som hamna i kvalen sin buk. Gunnhild Marie Wold Osaland skriv tekstane frå bibelforteljingar og borna var med og song og deltok i framføringa.

Også for dei vaksne var det forteljarstund og dei som ville kunne få ein tur rundt i Ølen med Olav Granberg sin 1926 Chevrolet Touring. Eller ein tur innom Kunstutstilling ved Elisa-

beth Litlehamar og Vigdis Viland.

Tidlegare har lopper og auksjon vore viktig, men det er nå lagt til bruktbuikken i Sjoargata. Denne gongen var temaet «Høstens Grøde» med sal av heimelaga og lokal mat, kunstutstilling og visning av gammalt handverk som karding og spinning. Det var også kafé der folk kunne få kjøpa graut og anna mat. Kyrkjetundagane starta opphavelag på Ølen VGS og har halde fram der. – Me har vurdert å ha det på Kyrkjetunet, men ville halda fram her som det var større sjanse å få mange til å komma, fortel John Birger Wold, som er leiar i styret. – Netto overskotet som går til drifta

av Kyrkjetunet, vart på om lag 60.000 kroner. – Det er mindre enn tidlegare år, men med inntekta frå bruktbuikken blir overskotet større enn før på årsbasis.

Heilt frå starten av har dette vore med og skaffa inntekter til bygging og drift av Kyrkjetunet som ligg like ved kyrkja i Ølen. Eit felles kyrkjelidshus og bedehus som stod ferdig i 2002. Saman med inntekter frå salet av det gamle bedehuset i bygda har stor dugnadsinnsats og innsamling av pengar vore med og lagt grunnlaget for at ein fekk reist dette bygget. Nå er dette ein av dei gode møteplassane med aktivitetar og møte for alle generasjonar.



Programleiar Trond Ove Alvseike ynskjer velkommen. Bak han set Ølen Munn og Spel klare.



*Foreiningsmøte i 1965. Dei 10 som var med: Gislaug Kolbeinshaug, Elisabeth og Anne Marie Gjerdevik, Sigrid, Lilli og Ingfrid Berge, Annbjørg Serine, Anna Landa Berge, Martha Helene Berge og Olga M. Berge som skjenker kaffi og vart vald til første formann.*

## Ølensvåg Kvinneforening 50 år

**Av: Torunn Tvedt**

I protokollen for stiftingsmøtet står det slik: Det vart stifta forening for Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad i Ølensvåg 24. november 1965.

Aud Lønning og Margit Fure var dei som tok initiativ til oppstarten. Dei hadde spesiell naud for vår eigen ungdom at dei måtte få høyra Guds Ord og tidleg bli kjent med Jesus. Det vart valt eit styre på stiftingsmøtet, og Olga M. Berge var den fyrste formannen.

Gjennom 50 år har kvinner samla seg til forening rundt omkring i heimane i Ølensvåg. Dei som hadde mor som var med i foreninga, fekk vere med frå dei fylte ti år. På møta vart det halde andakt, gitt kollekt og tid for handarbeid. I starten var det utlodning på kvart foreiningsmøte, pengane som kom inn, blei brukt til å kjøpa handarbeid for. Det blei brodert og strikka til den årlege basaren. På den første basaren 30. april 1966 fekk dei inn kr. 1252,- som dei syntes var eit fint resultat. Pengane som kom inn på basaren, blei gitt til Brandøy, leirstaden vår eller til krinskontoret.

50-års jubileet blei markert på Vågen bedehus 22. september 2015. Omkring 45 personar møtte fram. Tidligere husmor gjennom mange år på Brandøy, Sigrun Thormodsæter, var andaktshaldar. Kari Granberg Lund gledde oss med fin solosong, og ho delte gode minne frå den tida ho gjekk i foreninga. Ho song dei songane ho hadde lært i foreninga som hadde satt djupe spor i hennar kristenliv. Dagleg leiar i Samskipnaden, Marit Hårklau Ådnanes

kom med helsing til jubilanten og overrekte blomar. Oskar Feed kom med helsing frå Ølen og Ølensvåg Indremisjonsforening. Det blei også brakt ei helsing frå Aud Lønning. På grunn av helse kunne ho ikkje vera saman med oss denne kvelden.

Matøkt vart det også, herleg gryterett med tilbehør frå den lokale kafeen i Ølensvåg. Det vart og høve til å gje ei jubileumsgåve.



*Dei som går i foreninga no, frå v.: Gunvor Feed, Britt Berntsen, Anne Gunn Måge, Torunn Tvedt, Vigdis Vågen, Anne Line Granberg. Lilly Osaland (ikkje tilstades)*

Velkommen til  
Lundeneset

## Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

**LES MER PÅ LVS.NO**

LUNDENESET VGS en kristen privatskole i Ølensvåg | Vi er en del av NLM vgs en kristen privatskole i Ølensvåg | LUNDENESET VGS en kristen privatskole i Ølensvåg | Vi er en del av NLM vgs en kristen privatskole i Ølensvåg | LUNDENESET VGS en kristen privatskole i Ølensvåg

## Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

## Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

## SpareBank 1 SR-BANK

## joker

### Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

## Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)





## Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61  
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:  
93 21 66 79 / 52 75 88 60



### Juleverkstad

Øvre Vats bedehus og søndagsskolen er saman om å laga til juleverkstad laurdag 5. desember kl. 12.00 - 14.00. Store og små er velkomne. Alle skal få vera med å laga julepynt. Graut, saft, kaffi og småkaker. Utlodning, ta med pengar! Det blir andakt, og barnekoret Vats Miniklang blir med. Velkommen til store og små!

### Misjonsmessa for NMS, i Skjold / Vats 20. og 21 nov. bedehuset i Isvik.

Fredag 20. nov kl. 19:00 Festkveld. Tale: Arne Øystese, og song av KM- karane frå Etne

**Lørdag 21. nov. kl. 11:30 Familie-møte, v/ Jens Tveit og Vats barnekor.** Salget starter kl. 12.00. Salg av ny-steikte potetkaker, bakverk av ymse slag, handarbeid m.m. Open kafé med sal av graut, kaker og kaffi. Åresalg, tombola og hovedtrekning! Vi ønskjer store og små frå bygdene våre **VELKOMNE**.

### Møteserie på Isvik bedehus

Møteserie på Isvik Bedehus ved Den Indre Sjømannsmisjon. Talarane vert dei gode venene våre som har vore her fleire gonger tidlegare: Paul Mattis Nørstebø og Georg Kallevåg. Møteserien startar onsdag den 28. oktober, og held fram til og med onsdag den 11. november. Kvar kveld kl. 19:00, med unnatak av måndagane.

Me inviterer alle generasjonar til gode samlingar om Guds Ord og eit godt fellesskap på bedehuset.

Ver med å be for møteserien, talarane og tilhøyrarane. Be om at Guds Ord må nå ut til folket i bygdene våre, og at det må nå inn i hjarta til einskildmenneske !

### Eldretreff på Vindafjordtunet

1. søndag i advent (29.11) kl 15:30 arr. Nationalforeninga/Nedre Vats helselag Hjarteleg velkomne

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
<b>23. oktober</b>	20.30	Ølen kyrkje	Ungdomsgudsteneste. Nattverd Takkoffer: Opne dører
<b>25. oktober</b>	11.00	Sandeid kyrkje	Bønegudsteneste Takkoffer: KRIK, avd. Sandeid. Konf. tek del.
Bots-og bøneding Luk 18,9-14	11.00	Skjold kyrkje	Speidargudsteneste. Takkoffer: Speidararbeidet
<b>31. oktober</b>	16.00	Ølen kyrkje	Minnegudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelyden sitt diakoniarbeid
<b>1. november</b>			
Allehelgensdag	11.00	Vikedal kyrkje	Høgmesse. Nattverd. Me minnest dei som har gått bort. Takkoffer kyrkjelydsarbeidet. Konf. tek del.
Matt 5,13-16	11.00	Bjoa kyrkje	Høgmesse. Dåp og Nattverd. 50-årskonfirmantar. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
	11.00	Vats kyrkje	Minnedag. Nattverd. Takkoffer:
	17.00	Skjold kyrkje	Minnedag. Nattverd. Takkoffer: Institutt for sjelesorg. .Modum
<b>8. november</b>	11.00	Imsland kyrkje	Høgmesse. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Sambolabo. Konf. tek del.
24.s i treeiningstida Kol 1,24-29	11.00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer:
	12.00	(Ølen) Lundeneset.	Jubileumsmøte Lundeneset 50 år.
<b>15. november</b>	16.00	Sandeid kyrkje	Høgmesse. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Konf. tek del.
25.s. i treeiningstida Matt 14,22-34	11.00	Vats kyrkje	Fam.gudsteneste Speidarar med. Takkoffer: Speidararbeidet
	11.00	Ølen kyrkje	Høgmesse Nattverd. Takkoffer: Acta- barn og unge i Normisjon.
<b>22. november</b>	11.00	Vikedal kyrkje	Fam.gudsteneste Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringane. Takkoffer: Trusopplæringa. Presentasjon av det nye soknerådet.
Domss./Kristi konged. Matt Matt 25,1-13	17.00	Skjold kyrkje	G-17 gudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja
<b>29. november</b>	17.00	Imsland kyrkje	Lysmesse Konfirmantane tek del. Takkoffer: Diakoniarbeidet. Presentasjon av det nye soknerådet.
1. s. i adventstida	11.00	Ølen kyrkje	Familiegudsteneste. Lys våken Bibel til 5 klasse Takkoffer: Trusopplæring Vindafjord.
	11.00	Skjold kyrkje	Lys vaken gudsteneste. Takkoffer
<b>6. desember</b>	11.00	Bjoa kyrkje	Fam.gudsteneste. Bibel 5-klasse Takkoffer: Misjonsprosjekt i Kina.
2. s. i adventstida	17.00	Sandeid kyrkje	Lysmesse. Konfirmantane tek del. Takkoffer: Konfirmantarbeidet.
	18.00	Vikebygd kyrkje	Lysmesse. Takkoffer
	16.00	Vats kyrkje	Lysmesse. Takkoffer

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

## FRÅ KYRKJEBOKA

### IMSLAND

#### Døde:

22.08. Varna Torsen f 1915

### VIKEDAL

#### Døypte:

30.08. Magnus Staknes Bakkedal

### SANDEID

#### Døypte:

23.08. Selma Skeie

23.08. Ådne Kvinnesland.

27.09. Sophia Tungesvik Vestbø.

(Døyp i Stødle kyrkje, Etne)

#### Døde:

13.08. Hallgerd Eliasson f. 1957

25.08. Aldis Næss f. 1936

17.09. Njell Lofthus f. 1931

19.09. Lilly Stensland f. 1938

### SKJOLD

#### Døypte:

27.09. Oline Rødde.

27.09. Thea Emilie Nonslid

27.09. Kjell Rabben-Kalstveit

### VATS

#### Døypte:

20.09. Tuva Lilleskog Eikeland

20.09. Sofia Fosse

#### Vigde:

22.08. Aina Ekornrud og

Jan Olav Døvik

#### Døde:

02.09. Lilly Helle f. 1924

03.09. Mildred Nesheim f. 1930

Urnedsettelse:

25.09. Geir Inge Grindheim

### Bjoa

Døde: 06.09. Bjarne Tvedt f. 1924

### VIKEBYGD

#### Døypte:

06.09. August Alvseike

#### Vigde:

Parken i Vikebygd: 08.08.

Lonnie Lenaire Wilson og Henry Vik

### Ølen

#### Døypte:

20.09. Trym Steinsland

27.09. Markus Vetrhus Engenes

13.09. Ella Haraldsen Åsbø

#### Vigde:

29.08. Tina Mari Einem og

Alexander Taraldsøy Heggen

#### Døde:

30.08. Nora Mathilde Hvidsten f. 1918

20.09. Maren Malene Opheim f. 1924

## Blikrabygda bedehus

01.11.	Søndag	15:00	Familiemøte
18.11.	Onsdag	19:30	Israelskveld
03.12.	Torsdag		Delekveld
27.12.	Søndag		Juletreff

## Kårhus bedehus

04.11.	Søndag		Normisjon
17.11.	Tysdag	20:00	Bøn for nytt bedehus/s.hus

## Kyrkjetunet - Ølen

23.10.	Fredag	18-19:30	Klubb
24.10.	Lørdag		Korsemnar og konsert m/ SEVEN-jentene
27.10.	Tirsdag	17:30	Barnekor
28.10.	Onsdag	18:00	Damenes aften
30.10.	Fredag	19:30	Bønne- og Lovsangskveld. Felleskap på tvers.
31.10.	Lørdag		Hallo venn (klubben)
1.11.	Søndag	11:00	Showlt
5.11.	Torsdag	11:00	Torsdagstreff
5.11.	Torsdag	19:00	Mannsforum
7.11.	Lørdag		Misjonmesse
10.11.	Tirsdag	17:30	Barnekor
12.11.	Torsdag	19:30	Temasamling. Jens Ottar Theisen
13.11.	Fredag	20:00	Bønne- og Lovsangskveld / Felleskap på tvers.
20.11.	Fredag	18:00	Klubb
24.11.	Tirsdag	17:30	Barnekor
27.11.	Fredag	20:00	Bønne- og Lovsangskveld / Felleskap på tvers.

## Vikebygd bedehus

22.10.	Torsdag	kl. 19:30	Møte IMS v/Ola Mavin Lomheim
31.10.	Laurdag	kl. 15:30	Laurdagsklubb for born 4-12 år
14.11.	Laurdag	kl. 15:30	Laurdagsklubb for born 4-12 år
12.11.	Torsdag	kl. 11:00	Føremiddagsmøte i lag m.Bjoa. Lomheim deltar.
26.11.	Torsdag	kl. 19:00	Filmkveld
29.11.	Søndag	kl. 16:00	Familiemøte. Elisabeth Fauskanger frå søndagsskulekrinsen
10.12.	Torsdag	kl. 19:00	Adventsmøte. Mykje song.

## Vats, Pensjonistmøte

(Kjellarstova på Vindafjordhallen)			
27.10.	Tirsdag	17:00	Pensjonistmøte
26.11.	Torsdag		Julemøte med middag

## Lundeneset, Jubileumshelg

Fredag 6. november	"Mitt Lundeneset 1965-2015". Ungdomsprofil		
Lørdag 7. november	Foreldrefest. Olaug Bollestad		
Søndag 8. november kl. 12:00	Jubileumsfest. Tale: Wenche Lunde. Servering av lapskaus		

## Bedehusa i Skjold

27.10.	Tysdag	Austrheim	Israelsbasar kl. 19.00
28.10.	Onsdag	Isvik	Indre Sjø Møteserie
17.11.	Tysdag	Austrheim	NLM Misjonssamband
20.11.	Fredag	Isvik	NMS Messefest 19.00
21.11.	Laurdag	Isvik	NMS Misjonsmessa
24.11.	Tysdag	Isvik	Kr. Muslimmisjon
01.12.	Tysdag	Ersland	Norsk Gideon

## Øvre Vats bedehus

25.10.	Søndag	kl. 11:00	NLM
25.11.	Onsdag	kl. 19:30	Samemisjonen
5.12.	Lørdag	kl. 12-14	Juleverkstad (sjå omtale)
16.12.	Onsdag	kl. 19:30	Normisjon

## Ilsvåg bedehus

13.12.	Søndag	kl. 16:00	Sangmøte med Be-gjengen
--------	--------	-----------	-------------------------

## Vågen bedehus

11.10.	Søndag	kl. 11:00	Søndagsskule
11.10.	Søndag	kl. 19:30	Møte
25.10.	Søndag	kl. 11:00	Søndagsskule
18.10 - 1.11	Onsd.-sønd.	kl. 19:30	Møteveke NLM. Generasjonssaml. lør kl. 18
3.11.	Tirsdag	kl. 17:30	Jentelaget og Gutelaget
4.11.	Onsdag	kl. 19:30	Bønnemøte
8.11.	Søndag	kl. 11:00	Søndagsskule
8.11.	Søndag	kl. 19:30	Søndagsmøte (Normisjon)
11.11.	Onsdag	kl. 19:30	Bønnemøte
15.11.	Søndag	kl. 11:00	Søndagsmøte (IMF)
17.11.	Tirsdag	kl. 17:30	Jentelaget og Gutelaget
18.11.	Onsdag	kl. 19:30	Bønnemøte
21.11.	Lørdag	kl. 11:00	Julemessa for bedehuset på Vågen skule
22.11.	Søndag	kl. 11:00	Søndagsskule
22.11.	Søndag	kl. 19:30	Møte
25.11.	Onsdag	kl. 19:30	Bønnemøte
29.11.	Søndag	kl. 19:30	Søndagsmøte
1.12.	Tirsdag	kl. 17:30	Jentelaget og Gutelaget
2.12.	Onsdag	kl. 19:30	Bønnemøte
6.12.	Søndag	kl. 16:00	Søndagskaffi med andakt for borna

## Innbjoa bedehus

23.10.	Fredag	kl. 17:30	Credo 6.-9. kl. Bjoa skule
27.10.	Tirsdag	kl. 17:30	Mini-Credo 2.-5. klasse
4.11.	Onsdag	kl. 19:30	Onsdagsmøte
10.11.	Tirsdag	kl. 17:30	Mini-Credo 2.-5. klasse
12.11.	Torsdag	kl. 11:00	Formiddagstreff i Vikebygd
19.11.	Torsdag	kl. 10:30	Formiddagstreff Innbjoa
20.11.	Fredag	kl. 17:30	Credo 6.-9. kl. Bjoa skule
22.11.	Søndag	kl. 17:00	Familiemøte Våge/Alvseike
24.11.	Tirsdag	kl. 17:30	Mini-Credo 2.-5. klasse
2.12.	Onsdag	kl. 19:30	Adventsmøte
08.12.	Tirsdag	kl. 17:30	Mini-Credo 2.-5. klasse
10.12.	Torsdag	kl. 10:30	Formiddagstreff Innbjoa
11.12.	Fredag	kl. 17:30	Credo 6.-9. kl. Haugesund



# BARNAS SIDE

## Fargelegg





Jesus blir døpt av Johannes.

## Teikn ei krokodille

1. Bruk blyant.
2. Fleire detaljar, framleis blyant.
3. Fleire detaljar og mønstra i krokodilleskinnet. Etterpå teiknar du strekane på nytt med ein tynn, svart, vassfast tusj. Ta gjerne ein kopi av strekteikninga før du fargelegg ho.
4. Fargelegg krokodilla!



Teikning:  
Kari Sortland



FINN SPEL OG OPPGÅVER PÅ: [nettsprell.no](http://nettsprell.no) & [tarnagentene.no](http://tarnagentene.no)



Abonner på barnebladet

## BARNAS

16 blader + DVD eller bok  
= berre 365,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,-  
per barn



Bibelteikneseriar  
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som  
faddergåve!

Ting på [barnas@sondagsskolen.no](mailto:barnas@sondagsskolen.no) eller på telefon 22 08 71 00

Andaktstelefonen

380 91700

Åpent bele døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten  
er gratis

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)



Kirkens SOS  
815 33 300

SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 3. desember  
Frist for levering av stoff er:  
7. november